

Arkiv:
JournalpostID: 19/54
Saksbehandlar: Tove Mette
Fyllingen
Dato: 16.04.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
005/19	Valstyret Alver	09.05.2019

Godtgjersle for valmedarbeidarar og røystestyra Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Godtgjersle for arbeid på valdagen vert:

- Leiar i røystestyra kr. 2500.-
- Nestleiar, medlem og møtande varamedlem kr. 2000,-
- Valmedarbeidar i vallokala kr. 2000,-
- Det vert i tillegg utbetalt timegodtgjersle for kurs/opplæring i samband med valet på kr. 300,-

Bakgrunn for saken:

Saka skal avgjerdas i valstyret

Fellesnemnda har gjort vedtak om at det skal vera 21 røystekrinsar i Alver kommune. Det skal vera eit vallokale i kvar krins. Opningstid i alle lokala er kl. 12:00 – 20:00

Valet vert gjennomført med elektronisk manntal på valdagen og skanning av røystesetlane.

Kvart vallokale må ha min.3 medlemmar i røystestyret + valmedarbeidarar. Ved stortingsvalet 2017 utgjorde dette om lag 130 personar totalt i dei tre kommunane.

Etter vallokale er stengt skal røystestyret skrive protokoll. Valmateriellet skal forseglast og leverast valstyret for vidare skanning.

Valstyret Alver 09.05.2019:

Behandling:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VA- 005/19 Vedtak:

Godtgjersle for arbeid på valdagen vert:

- Leiar i røytestyra kr. 2500.-
- Nestleiar, medlem og møtande varamedlem kr. 2000,-
- Valmedarbeidar i vallokala kr. 2000,-
- Det vert i tillegg utbetalt timegodtgjersle for kurs/opplæring i samband med valet på kr. 300,-